

Hardangerviddatunnelen kan stå ferdig i 2020

Det er eitt år sidan planane om ein 15 km lang tunnel frå Sysendammen til Haugastøl vart lansert. Tunnelen kan stå ferdig om ti år.

Johs H. Sekse

johannes@hardanger-folkeblad.no

Det meiner Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen. Styreleiar Sverre Kleivkås er optimist. Og han har ikkje minst gode røymsler med den førre aksjonsgruppa han var lokomotiv for, nemleg bru over fjorden.

No vert ho bygd og skal stå ferdig sommaren 2013. Neste trinn er lang tunnel under Vid-da.

Kome svært langt

Sidan gruppa vart stifta har det gått slag-i-slag, seier Kleivkås, som meiner dei har kome svært langt på kort tid. Mellom anna har nesten hundre verksemder og enkeltpersonar teikna seg som støttemedlemmer og betalt kontingent.

Gruppa arbeider på fleire plan og har både internettside og side på Facebook. Aksjonsgruppa har også hatt fleire møte med Interesse-selskapet IS Rv7, der alle kommunane langs Riksveg 7 er med. Dei er i ferd med å få utarbeidd ein uavhengig analyse av viddeproblematikken, seier Kleivkås.

Mellom anna vil ein vurdere den lange tunnelen opp mot planane som Vegvesenet har for såkalla miljøtunnelar.

Vinn-vinn-vinn

Kleivkås og aksjonsgruppa meiner at den 15 km lange Hardangerviddatunnelen, vil medføre ein vinn-vinn-vinn-situasjon til fordel for miljø, næringsliv og trafikantar.

Ikkje minst vil han gje full regularitet om vinteren.

– Når Hardangerbrua står ferdig i 2013, og strekkja Sogna-Ørgenvika året etter, vil det berre vera att ein propp, nemleg Vid-da, seier Sverre Kleivkås. I tillegg til vinterfordelane, vil denne løysinga også ha mange fordelar sommarstid.

Vøringsfossen og området der er utpeika som eit av tre nasjonal ikon i samband med turistvegprosjektet. Her er det planlagt investeringar for rundt 110 millionar kroner. Med ein lang tunnel under Vid-da og gamlevegen sommaropen, vil den kunna behaldast som turistveg.

Størst sidan Bergsbannen

Dersom ein lagar fleire miljø-tunnelar, vil den flotte vegstrekkinga verta sterkt forringa som turistveg, meiner Kleivkås og dei han har med på laget.

Det er planlagt å forlengja turistvegen til Haugastøl. Med



LANG TUNNEL I SIKTE. Aksjonsgruppa for tunnel frå Sysendalen/dammen (biletet) og til Haugastøl meiner prosjektet vil gje store fordelar på mange felt. Mellom anna betre økonomi, betre regularitet om vinteren og betre forhold for villreinen. Noverande riksveg kan verta ein flott turistveg om sommaren.

Arkivfoto



TUNNELGENERALEN. Sverre Kleivkås

Arkivfoto

fleire inngrep langs denne strekkja, kan ein berre skrinleggja dei planane, meiner veggeneralen.

I aust ser ein på den nye Hardangerviddatunnelen og gamle riksveg 7 som turistveg om sommaren, som den største verdiskapinga sidan Bergsbannen. Dette ifylje eit intervju avisa Hallingdølen har med styremedlem i aksjonsgruppa, Ivar Arne Lid.

– Er forventningane like store i vest?

Veldig stor nytte

– No er vel me meir vane med slike store prosjekt, men sett i samband med Hardangerbrua, er det ikkje tvil om at med ser veldig stor nytte, seier Sverre Kleivkås.

Planane har no vore presentert i hovudutvala for samferdsle både i Hordaland og Buskerud. Her vart dei møtt med stor interesse. No er



TUNNEL OG VEG. Den planlagde tunnelen på 15 km er tenkt knytt til riksveg sju med 9 km v eg frå Leiro og 5 km frå Haugastøl.

Kart: Ugland IT Group

aksjonsgruppa forsterka i trua på at tunnelen kjem.

Kostnadane er stipulert til 1,9 milliardar kroner. Aksjonsgruppa vil no, i den medvinden dei kjenner, arbeida for å få Hardangerviddatunnelen inn i Nasjonal transportplan (NTP). Det vil dei mellom anna gjera i samarbeid med IS Rv7. NTP skal reviderast i 2014.

– Dersom tunnelen kjem med der, kan han stå ferdig seks år seinare, seier optimisten Sverre Kleivkås.

Fakta

Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen

- Aksjonsgruppa har som føremål å arbeida for å få realisert Hardangerviddatunnelen så snart som råd.
- Ein ynskjer å dokumentera kor viktig det er å få betre regularitet over Hardangervidda heile året, ikkje minst fordelane med ein vintersikker veg.
- I tillegg ynskjer dei å fokusera på dei miljømessige gevinstane med 10 km kortare køyrelengd og 250 høgdemeter mindre å forsera.
- Både einskildpersonar og verksemder, er og kan verta medlemmer.
- Aksjonsgruppa meiner også at lang tunnel under Vid-da vil gje villreinen fritt leide. Prosjektet vil også vera både samfunns- og transportøkonomisk lønsamt.
- Styreleiar er Sverre Kleivkås med røymsle frå kampen om Hardangerbrua. Vidare er fylgjande med: Olav Lægred, Eidfjord, Inger-Brit Vindegg, Ustaoset, Rasmus Asle Sandnes og Ivar Arne Lid, Geilo.